



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Steinar G. Sørli, 5557 2154

Vår dato  
15.10.2014  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2014/3290 451.2  
Dykkar referanse  
«REF»

Likelydande brev er sendt til:  
Kommunane i Hordaland

### Vinner av Kulturlandskapsprisen 2014 - takk for bidrag

Vi ønskjer å takke dei kommunane som har meldt inn kandidatar til Kulturlandskapsprisen 2014.

Fylkesordfører Tom Christer Nilsen overrekte Kulturlandskapsprisen 2014 på kr 50 000,- til bonde Ole Gjermund Digernes frå Stord. Til saman 55 gjester deltok i feiringa av vinnaren ved ei markering på Digernes måndag 13. oktober.

Fylkesordførar sa at det var ei stor ære å få lov til å dela ut prisen for ein ekstraordinær innsats for å ta vare på kulturlandskapet på Digernes i Stord og Otterøy i Bømlo kommune. Ordførarane i Stord og Bømlo deltok på synfaringa og var med å hylle vinnaren denne dagen.

Juryen grunnjev si vurdering med mellom anna:

Årets tema er kystgarden, der den maritime tilknytninga og eit landskap med vekslande, småskala topografi, set rammene for næringa. Med drifta av dei to gardsbruka på Digernes og på Otterøya, viser Ole Gjermund Digernes eit tydeleg døme på den varierte ressursutnyttinga til kystgardane på Vestlandet. I tillegg til dei gode innmarksjorda ved det velhalde tunet, er det utnyttinga av beite mellom skrinne bergnabbar som pregar gardsdrifta.

Både på Digernes og på Otterøya er det lagt ned eit ekstraordinært arbeid med istandsetting av steingardar og eldre bygningar, og attgrodd beite blir rydda fram. Gardsmiljøet og kulturlandskapet framstår som ope og velskjøtta, noko som gjer det historieforteljande og trivselsskapande. Slik blir kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, gravminne og dei gamle gardsbygningane, framheva som viktige delar av garden. Tidsdjupna i kulturlandskapet blir lett å sjå, og ber vitnesbyrd om driftsforma som har karakterisert ein kystgard gjennom tallause generasjonar. Ved at garden i tillegg er open for grupper av besøkjande, blir denne kunnskapen om gardsdrifta formidla til barnehagar, skuler, lag og organisasjonar».

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Steinar G. Sørli  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*